

HÅLI

Høgdemeter over havet: 445 m

Lengde: ca 2,2 km

Stigning: 389 m

Tid: 1–2 timer ein veg.

Gradering: lett til middels tung tur.

Vegskildring: Køyr riksveg 7 mot Folkedal, ca. 7 km frå Granvin. Ta avkøyring til høgre ved skilt. Følg asfaltert veg til toppen av bakke, ved gardsbruk på høgre sida på flaten og finn eigna parkering ved veg/postkassestativ. Eller køyr skogsvegen til velteplass og parker ved stor grushaug. Skogsvegen går til venstre rett før brua ved gardsbruk. Etter 10-15 minutt deler vegen seg, og her har du to stival.

Alt.1 ta av til høgre og følg raud merking, desse fører deg til Håli i litt bratt terreng. På toppen går du rett på fyrste hytta og her finn du Stølstrimkasse.

Alt. 2. fortsett 5 minutt til der skogsveg sluttar. Herifrå går du på umerka sti, men greitt synleg i terreng. Stien går langs berget på høgre sida heile vegen. Nesten oppe (rett under ei stor antenne) finn du ein privat turpostkasse og benk, denne plassen er døypt til UTSIKTEN.

Følg stien vidare nokre minutt - på høgre sida mot toppen vil du sjå ein grantrehekk - i enden av denne møter merka og umerka sti seg. Herifrå følgjer du same prosedyre som Alt. 1.

Umerka sti er slakkare og har meir utsikt.

Turtips 1. Gå eine vegen opp og den andre ned for variasjon.

Turtips 2. Fortsett du på gul merking frå Håli kjem du til Helgastøl. Og fortsett du på raud merking kjem du til Longeskor og kan gå ned i Kvanndal.

GOD TUR!